

Kommunestyre si handsaming av sak 59/2022 i møtet den 16.06.2022

Røysting

Framlegg frå Jon Aslak Austjore, Sp:

Nytt pkt 2:

Tilskotet gjeld for eigedomar i Tokke kommune som er landbrukseigedomar etter SBB sin definisjon, som omfattar eigedomar som har minst 5 dekar eigd jordbruksareal og/eller minst 25 dekar produktivt skogareal. Det er ein føresetnad at eigar ikkje har vore busett på eigedomen før tinglysing av overdraging til ny eigar.

Nytt pkt 3:

Fyrste del av tilskotet på kr 50 000 blir utbetalt når ny eigar har fått tinglyst heimel.

Tinglysing må seinast skje innan 31.12.23

Andre del av tilskotet på kr 50 000 blir utbetalt når ny eigar melder flytting til eigedomen.

Flytting til eigedomen jf folkeregisteret, må seinast vere meldt innan 31.12.2024. Det kan søkast om utsetjing av denne fristen i ytterlegare eit år i særlege tilfelle.

Det var røysta over Formannskapetets vedtak pkt 1:

Samrøystes vedteke

Pkt 2 i framlegget frå Austjore:

Samrøystes vedteke

Pkt 3 i framlegget frå Austjore:

Samrøystes vedteke

Pkt 4 i kommunedirektøren si tilråding:

Samrøystes vedteke

Vedtak

Tokke kommune etablerer ei økonomisk stimuleringsordning for å få fleire gardsbruk ut for sal. Ordninga skal vere eit kort og intensivt stimuleringstiltak og vare t.o.m. 2023.

1. Tilskotet er på kr. 100 000 og er avgrensa til seljar/noverande heimelshavar der eigedomen vert seld til fast busetjing og der salet utløyser buplikt.

2. Tilskotet gjeld for eigedomar i Tokke kommune som er landbrukseigedomar etter SBB sin definisjon, som omfattar eigedomar som har minst 5 dekar eigd jordbruksareal og/eller minst 25 dekar produktivt skogareal. Det er ein føresetnad at eigar ikkje har vore busett på eigedomen dei siste 12 månadene før tinglysing av overdraging til ny eigar.

3. Fyrste del av tilskotet på kr 50 000 blir utbetalt når ny eigar har fått tinglyst heimel.

Tinglysing må seinast skje innan 31.12.23

Andre del av tilskotet på kr 50 000 blir utbetalt når ny eigar melder flytting til eigedomen.

Flytting til eigedomen jf folkeregisteret, må seinast vere meldt innan 31.12.2024. Det kan søkast om utsetjing av denne fristen i ytterlegare eit år i særlege tilfelle.

4. Ordninga med tilskot til sal av gardsbruk vert finansiert av disposisjonsfondet.
